
Saksnr: 2020/49095-71
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesvalstyret		16.09.2021

Godkjenning og forkasting av røystesetlar og røystegjevingar

Forslag til vedtak

Fylkesvalstyret forkastar røystesetlar og røystegjevingar som vert lagt fram i møtet.

Fylkesvalstyret tek møtebøkene frå valstyra i kommunane til orientering.

Samandrag

Fylkesvalstyret skal kontrollere gjennomføringa av stortingsvalet 2021 i kommunane med grunnlag i det materiell det får sendt etter § 10-8 i vallova. Om fylkesvalstyret finn feil ved valstyret sine avgjerder om å godkjenne eller forkaste røystegjevingar eller røystesetlar, eller feil i valstyret si opteljing, skal feila rettast.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vallova § 10-9 regulerer fylkesvalstyret sin kontroll av gjennomføringa av stortingsval og fylkestingsval. Fyrste ledd er som følgjer:

«Fylkesvalgstyret skal kontrollere gjennomføringa av stortingsvalg og fylkestingsvalg i kommunene med grunnlag i det materiell det får tilsendt etter § 10-8. Dersom fylkesvalgstyret finner feil ved valgstyrets avgjørelser om å godkjenne eller forkaste stemmegivninger eller stemmesedler, eller feil i valgstyrets optelling, skal feilene rettes.»

Dette betyr at om fylkesadministrasjonen som i praksis gjer kontrollen etter § 10-9 meiner at røystegjevingar eller røystesetlar skal forkastast, må desse leggast fram for fylkesvalstyret som tek stilling til om dei skal forkastast. Ei røystegjeving er handlinga du gjer når du legg røystesetelen i urna. Ein røystesetel er papiret du legg i urna.

Sjekk av møtebok og kontrollteljing

Valmateriellet vert pakka om

To valmedarbeidarar vil jobbe saman og handtere ein kommune om gongen. Det første dei gjer er å sjekke møteboka:

- Sjekk av underskrifter frå valstyret
- Om opningstidene følgjer vallova
- Om oversikta over forkasta røystegjevingar stemmar med dei forkasta røystegjevingane som er levert inn med valmateriellet.

Eventuelle feil eller manglar her vert registrert, og valansvarleg vert informert. Så vert valmateriellet pakka om til esker som skal syte for skanninga og verifiseringa går så effektivt som mogleg. Kvar eske får ein strekkode som vil følgje eska gjennom prosessen i teljesentralen.

Fylkesvalstyret skal sjekke møtebøkene frå kommunane og sjekke forkasta røystegjevingar.

Underskriftar frå valstyret

Eit vedtaksført valstyre (halvparten av valstyret +1 medlem) må ha skrive under møteboka frå kommunen. Fylkesvalstyret skal ha den originale møteboka med originale underskrifter.

Opningstidar

Vallokalet skal stengast seinast kl. 21:00 på valdagen.

Forkasta røystegjevingar

Fylkeskommunen skal kontrollere forkasta røystegjevingar. Desse skal følgje valmateriellet og vere registrert i møteboka frå valstyret i kommunen.

Desse krava må vere fylt for at ei førehandsrøystegjeving skal verte godkjent:

- Veljaren må være ført inn i manntalet i kommunen
- Røystegjevinga må ha nok opplysingar til at veljaren kan identifiserast
- Røystegjevinga må vere gitt til rett tid
- Røystegjevinga må vere levert til rett stemmemottakar, med mindre den er gitt som ein brevrøyst
- Omslagskonvolutten må ikkje vere opna eller forsøkt opna
- Veljaren har ikkje allereie gitt ein godkjent røystegjeving
- Røystegjevinga har kome inn til valstyret innan kl. 17 dagen etter valdagen

Om eitt av dei ovannemnte vilkåra ikkje er fylt, skal førehandsrøystegjevinga forkastast.

Desse krava må vere fylt for at ei valtingsrøystegjeving skal verte godkjent:

- Veljaren må vere ført inn i manntalet i kommunen
- Veljaren må ha fått moglegheit til å røyste

- Veljaren har ikkje allereie ein godkjent røystegjeving.

Om eitt av dei ovannemnte vilkåra ikkje er fylt, skal valtingsrøystegjevinga forkastast. Det einaste unntaket er om veljaren står på ein eigen liste over personar med hemmeleg adresse.

Teljesentralen

Esker med valmateriell vert henta inn i teljesentralen. Her går alt føre seg i EVA (elektronisk valgssystem) som valdirektoratet har utvikla og driftar. I EVA Jobbstyring vil valmedarbeidarar frå fylkeskommunen gjere eskene klar for skanning. I EVA Skanning vert kvar røystesetel skanna og kategorisert til parti. I stor grad vil og rettingar på røystesetelen registrerast i EVA Skanning. Når ei eske er ferdig skanna går den til EVA Verifisering. Her får verifiserarane opp alle røystesetlar som EVA Skanning har problem med å kategorisere. Det gjeld i hovudsak røystesetlar der EVA Skanning ikkje kan sjå:

- Om røystesetelen har stempel
- Kva parti veljaren har røysta på
- Om partiet veljaren har røysta på stillar liste i valdistriktet
- Kva val røystesetelen gjeld for
- Kva rettingar på røystesetelen veljaren har gjort

Verifiserarane har tydelege rutinar som dei skal følgje ved dei ulike utfordringane dei møter. Om verifiserarane ikkje kan svare sikkert på ein av dei fire første punkta over vert røystesetelen føreslått forkasta. Desse røystesetlane skal fylkesvalstyret handsame før dei vert godkjent eller endeleg forkasta. Om verifiserarane ikkje kan svare sikkert på det siste punktet over vert endringar på røystesetelen ikkje registrert. Fylkeskommunen har to valmedarbeidarar i verifiseringa som fungerer som fagleiarar. Alle spørsmål om verifiseringa skal gå til dei.

Når alle eskene i ei teljekategori for ein krets er ferdig verifisert, skal jobbstyring velje ut ei eske til stikkprøve. Det skal vere 1 stikkprøve for kvar teljekategori i kvar krets. Det er 5 teljekategoriar:

- alle ordinære førehandsrøystesetlar
- alle seint innkomne/lagt til side
- alle ordinære valtingsrøystesetlar
- alle røyster i særskilt omslag
- alle framandrøyster/(alle beredskapsrøyster)

Valmedarbeidarane syter for at kvar skannar får ein stikkprøvekontroll.

I dei høve der det er store avvik mellom fylkeskommunen si teljing og kommunen si teljing, skal det og gjennomførast ei stikkprøvekontroll i den teljekategorien.

I EVA Stikkprøve skal to og to valmedarbeidarar frå fylkeskommunen sjå på det som er skanna og registrert på kvar røystesetel mot den faktiske røystesetelen. Det er viktig å presisere at stikkprøvekontrollen ikkje skal sjekke arbeidet i EVA Verifisering, men berre det som vert gjort i EVA Skanning. Det vil seie at om EVA Skanning til dømes registrerer kvar 4. røystesetel som ei røyst til «Testpartiet» skal det fangast opp i EVA stikkprøve. Eller om EVA Skanning stryk 1. kandidaten for «Testpartiet» på anna kvar røystesetel til det partiet. Så det er systematiske avvik ein her skal sjå etter.

Når ei eske er ferdig skanna, verifisert og i nokre høve vore innom stikkprøvekontroll vert eska registrert som «Ferdig» i EVA Jobbstyring. Unntaka er om det er ei røystesetel i eska som er føreslått forkasta. Då kan ikkje eska stengjast i EVA Jobbstyring før fylkesvalstyret har handsama røystesetelen.

Ved stortingsvalet 2017 var det totalt 931 forkasta røystesetlar i dei to valdistrikta. For å handsame føreslått forkasta røystesetlar må fylkesvalstyret sjå på kvar og ein røystesetel. For arbeidsflyten i EVA Jobbstyring er det ei fordel om ein så fort som mogleg kan sette kretsar og kommunar til «Ferdig». Det gjer arbeidet til valmedarbeidarane meir oversikteleg, i ein prosess som krev full konsentrasjon og ikkje har rom for feil. Det er ikkje mogleg å sette kretsar og kommunar til «Ferdig» før føreslått forkasta røystesetlar er handsama.

Prinsipp for forkasting og retting av røystesetlar

Alle krava under må vere fylt for at ei røystesetel skal kunne godkjennast:

- røystesetelen har offentleg stempel,

- det går fram kva val røystesetelen gjeld,
- det går fram kva parti eller gruppe veljaren har røysta på, og
- partiet eller gruppa stillar liste i valkretsen.

Offentleg stempel,

Røystesetlar som har heile eller delar av stempel innanfor den kvite firkanten på setelens bakside, vert godkjent.

Om stempel kan sjåast i skjermbiletet (sjølv om det er stempla utanfor det kvite feltet), vert røystesetelen godkjent. Om verifiserer er usikker på om det er stempel på setelen, må papirsetel finnast fram.

Kva val

Det skal gå fram kva val røystesetelen gjeld. Men det er ikkje noko krav om at røystesetelen er utforma slik den er skrive om i valforskrifta. Andre røystesetlar enn dei valmyndigheita har trykka opp kan og nyttast.

Normalt vil det gå fram av overskrifta på røystesetelen eller av farga kva val den gjeld.

Det treng ikkje stå på sjølve røystesetelen kva val den gjeld. Det er tilstrekkeleg at det går fram av sjølve røystegjevinga slik den står fram.

Kva parti eller gruppe

Er det mogleg å skjøne kva veljaren har meint å røyste på, så er det tilstrekkeleg til at vilkåret er fylt. Er det ikkje mogleg å skjøne kva veljaren har meint å røyste på, er vilkåret ikkje fylt.

Kan fylkesvalstyret tyde kva parti eller gruppe ved:

- overskrift - sjølv om det ikkje er skrive heilt riktig
- forkorting - til dømes H eller FNB
- kandidatnamn - til dømes ein eller fleire kandidatar på vallista

Vilkåret er fylt.

Er det noko som gjer at fylkesvalstyret er usikker:

- overskrift - til dømes «sentrumpartiet». Kan vere både Senterpartiet og Partiet Sentrum.
- Kandidatnamn - til dømes kandidatar frå Arbeiderpartiet med ein kandidat frå Raudt.
- Fleire parti eller grupper er indikert på røystesetelen - til dømes Venstre og Høgre
- Du må tolke politikk - til dømes «Dei konservative»

Vilkåret er ikkje fylt.

Stillar partiet eller gruppa liste i valkretsen

Partiet eller gruppa røystesetelen gjeld må stille liste i valdistriktet. Ein røystesetel som gjeld ei liste som ikkje stillar i det distriktet veljaren er manntalsført i, kan ikkje godkjennast.

Ein røystesetel som høyrar til eit anna valdistrikt kan godkjennast, men berre om den gjeld eit registrert parti.

Blank røyst

Følgjande røystesetlar skal registrerast som blanke, om krava over er følgd:

- Generelle røystesetlar der det ikkje er kryssa av for eit parti
- Blanke ark med stempel
- Røystesetlar der det er indikert «blank» eller tilsvarande

Vedtakskompetanse

Vallova § 10-9 regulerer fylkesvalstyret sin kontroll av gjennomføringa av stortingsval og fylkestingsval.

Møteoffentlegheit

Møta i fylkevalstyret er i utgangspunktet offentlege. Dersom det ved kontroll av røystegiving eller røystesetlar kjem fram personsensitive opplysningar, må fylkesvalstyret vurdere lukking av møte i tråd med kommunelova § 11-5 (2) og (3). Dette vert vurdert fortløpande i møta.

Vurderingar og verknader

Fylkeskommunedirektøren kjem til å leggje fram møtebøkene og dei forkasta røystegjevingane i møtet når dette er klart. I dei høve der det er naudsynt å sjå på sjølvne røystegjevingane vert desse vist fram for fylkesvalstyret. I andre høve vert røystegjevingane og orsaka for forkasting berre referert.

Fylkeskommunedirektøren kjem til å leggje fram for fylkesvalstyret røystesetlar som er føreslått forkasta av valmedarbeidarane i kvart av møta. Det er ikkje mogleg å ta ut rapportar over røystesetlar som er føreslått forkasta, det er difor ikkje mogleg å sende desse til fylkesvalstyret i forkant. Røystesetlane vert lagt fram i møtet via det digitale møterommet. Det er mogleg å zoomme inn på røystesetelen, og sjå på alle i detalj for å syte for at fylkesvalstyret får eit så godt bilete som mogleg.

Fylkesvalstyret får informasjon om kva kommune, krets og teljekategori det gjeld. Fylkesvalstyret får og informasjon om kva som vert føreslått som forkastingsgrunn. Fagansvarleg for verifisering vil vere til stades i møtet og kan kome med utfyllande informasjon om det er naudsynt.

Økonomi: Ikkje aktuelt.

Klima: Ikkje aktuelt.

Folkehelse: Ikkje aktuelt.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje aktuelt.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren si innstilling er at alle røystesetlar og røystegjevingar som vert lagt fram for fylkesvalstyret skal forkastast.

Fylkeskommunedirektøren føreslår at fylkesvalstyret tek møtebøkene som vert lagt fram frå valstyra i kommunane til orientering.